

**Avtalen om Det europeiske  
økonomiske samarbeidsområde**

**EØS-komiteen**

**EØS-KOMITEENS BESLUTNING**

**nr. 30/98  
av 30. april 1998**

om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder,  
prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR -

under henvisning til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde,  
justert ved protokollen om justering av avtalen om Det europeiske økonomiske  
samarbeidsområde, heretter kalt avtalen, særlig artikkel 98, og

ut fra følgende betraktninger:

Avtalens vedlegg II er endret ved EØS-komiteens beslutning nr. 66/97 av 4. oktober  
1997<sup>(1)</sup>.

Kommisjonsdirektiv 95/17/EF av 19. juni 1995 om gjennomføringsreglar for  
rådsdirektiv 76/768/EØF med omsyn til fritak for oppføring av eitt eller fleire  
delemne i den lista som er fastsett for merking av kosmetiske produkt<sup>(2)</sup> skal  
innlemmes i avtalen -

**BESLUTTET FØLGENDE:**

Artikkel 1

I avtalens vedlegg II kapittel XVI etter nr. 8 (kommisjonsdirektiv 96/45/EF) skal nytt  
nr. 9 lyde:

“9. **395 L 0017:** Kommisjonsdirektiv 95/17/EF av 19. juni 1995 om  
gjennomføringsreglar for rådsdirektiv 76/768/EØF med omsyn til fritak for  
oppføring av eitt eller fleire delemne i den lista som er fastsett for merking av  
kosmetiske produkt (EFT nr. L 140 av 23.6.1995, s. 26).

---

<sup>(1)</sup> EFT nr. L 30 av 5.2.1998, s. 37, og EØS-tillegget til EF-tidende nr. 5 av 5.2.1998, s. 134.

<sup>(2)</sup> EFT nr. L 140 av 23.6.1995, s. 26.

Direktivets bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgende tilpasninger:

- a) Artikkel 9 annet ledd erstattes med følgende:
  - “a) Dersom ein medlemsstat i EU reiser innvending mot ei avgjerd som er teken av den rette styresmakta i ein annan medlemsstat i EU, skal Kommisjonen ta ei avgjerd etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 10 i direktiv 76/768/EØF, og melde frå til EFTAs overvakingsorgan om denne avgjerda.
  - b) Dersom ein EFTA-stat reiser innvending mot ei avgjerd som er teken av den rette styresmakta i ein medlemsstat i EU,
    - i) skal EFTA-staten leggje fram grunnane for si innvending for EFTAs overvakingsorgan,
    - ii) dersom Overvakingsorganet etter ei vurdering etter den framgangsmåten som er fastsett i samsvar med protokoll 1 artikkel 4 bokstav d) i denne avtalen, finn at innvendinga ikkje kan forsvarast, skal det ta avgjerd om ikkje å sende ho over til Kommisjonen, og melde frå til Kommisjonen om denne avgjerda,
    - iii) dersom Overvakingsorganet finn at innvendinga kan forsvarast, skal det sende ho over til Kommisjonen,
    - iv) Kommisjonen skal iverksette den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 10 i rådsdirektiv 76/768/EØF,
    - v) Kommisjonen skal melde frå til EFTAs overvakningsorgan om si avgjerd,
    - vi) dersom Kommisjonen avgjer at innvendinga ikkje kan forsvarast, kan Overvakningsorganet leggje saka fram for EØS-komiteen, som skal handsame ho i samsvar med artikkel 111 i denne avtalen.
  - c) Dersom ein EFTA-stat reiser innvending mot ei avgjerd som er teken av den rette styresmakta i ein annan EFTA-stat, skal EFTAs overvakingsorgan ta ei avgjerd etter den framgangsmåten som er fastsett i samsvar med protokoll 1 artikkel 4 bokstav d) i denne avtalen. Det skal melde frå til Kommisjonen om si avgjerd, og Kommisjonen skal sende avgjerda over til medlemsstatane i EU.
  - d) Dersom ein medlemsstat i EU reiser innvending mot ei avgjerd som er teken av den rette styresmakta i ein EFTA-stat,

- i) skal medlemsstaten i EU leggje fram grunnane for si innvending for Kommisjonen,
  - ii) dersom Kommisjonen etter samråd og om naudsynt etter å ha nytta ein høveleg framgangsmåte, finn at innvendinga ikkje kan forsvarast, skal han ta avgjerd om ikkje å sende ho over til EFTAs overvakingsorgan, og melde frå til Overvakingsorganet om denne avgjerda,
  - iii) dersom Kommisjonen finn at innvendinga kan forsvarast, skal han sende ho over til EFTAs overvakingsorgan,
  - iv) EFTAs overvakingsorgan skal ta ei avgjerd etter den framgangsmåten som er fastsett i samsvar med protokoll 1 artikkel 4 bokstav d) i denne avtalen,
  - v) EFTAs overvakingsorgan skal melde frå til Kommisjonen om si avgjerd,
  - vi) dersom EFTAs overvakingsorgan avgjer at innvendinga ikkje kan forsvarast, kan Kommisjonen leggje saka fram for EØS-komiteen, som skal handsame ho i samsvar med artikkel 111 i denne avtalen.”
- b) I vedlegget til dette direktiv (Nærmare reglar for tildeling av det registreringsnummeret som er nemnt i artikkel 4) tilføyes følgende etter nr. 2:
- “3. Dei EFTA-statane som er medlemmar av EØS, har fått tildelt desse kodane:
- |    |               |
|----|---------------|
| 91 | Island        |
| 92 | Liechtenstein |
| 93 | Noreg”.       |
- ”

### Artikkel 2

Teksten til kommisjonsdirektiv 95/17/EF på islandsk og norsk, som er vedlagt de respektive språkversjoner av denne beslutning, har samme gyldighet.

### Artikkel 3

Denne beslutning trer i kraft 1. mai 1998, forutsatt at EØS-komiteen har mottatt alle meddelelser i henhold til avtalens artikkel 103 nr. 1.

#### Artikkel 4

Denne beslutning skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

Utferdiget i Brussel, 30 april 1998.

For EØS-komiteen  
Formann

F. Barbaso

EØS-komiteens sekretærer

G. Vik

E. Gerner